Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 8

Fylke: Hordaland.

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Voss.

Emne: Beit og Brom.

Bygdelag. Vossevangen og Reppen.

Oppskr. av: Anna Haga Flettre.

Gard:

(adresse): Hagebyen 2, Voss.

G.nr. Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

Heimelsmann: Johannes Flettre, fødd 4. okt. 1911, Voss, Arbeidsformann.

SVAR

1:

Ja ein har nytta, og nyttar enno til dels slikt fôr. Ein kallar det beit. Bjørk nyttar ein helst, men og osp til kyrne. Til smalen nyttar ein helst sprakje (einer) og så bar av furu.

2:

Ein kallar det å beita. Ja folk nytta tremeiasleda. Kalla han berre: tremeiasleen. Men dei bar og ofte beitet i "tog" på ryggen.

3:

Helst vinterstid, hentar ein beit. Svært vanleg at ein högg kvistene av vinterveden, som er köyrd til tuns, og brukar til beit. Men vårbeit hentar ein i februar og mars månad, og ber eller köyrer det direkte i dunge ved fjösdöra. Det er helst kvist med knuppar av ungtre. Gjerne tre (kjerr) som har vakse opp i vegen for slåtten.

4:

Ein brukar no helst sigd. Men for ein mannsalder sidan, like ofte snidil. Sigden har trehandtak med krokkniv. Kniven er mest halvmåneforma, ofte laga av gamle ljå. Men snidlen er mykje farlegare å fara med. Så borna fekk aldri bruka den.

16059

Han er mykji større og sværare enn sigden
Meir som millomting millom kniv og
øks, og god til å slå av heller svære
kvister og greiner med.
5:
Det er helst kyrne som får dette foret. Sauene får
det berre i stor høgnaud. Men sume tek kvistene
frå kyrne når dei har ete det dei vil, kastar
dei så til smalen som gjerne finnt reste[illegible].
Dei gjer dette foret for seg sjølv. Ikkji blanda.
6:
Ja ein har det i beitakost like ved fjøsdøra.
- Nei, ein gjer beitet i båsen, smalen får
det i krubba.
7:
Nei det som her er nemnt, har eg ikkji høyrt
om. - Men folk meinte så visst at
kyrne vart i betre trivnad av litt
beit ved sida hitt foret. Og dei
meinte sikkert bjørkeris gav betre
og feitare mjølk.

Å beita, beitar beita
Ein snidl, snidlen snidlar snidlane.

Emne. 9. A: Lauving.
1:
Ja det vert lauva enno. - Men i mykje
mindre målestokk enn før siste verdskrig.
Ein lauva i stor mun under sist krig.
- Lauvet reknast som å visst for ved middels-
store bruk, til siste krig då om skiftet kom.
- Ved store bruk, var det helst attåtfor
i vår. - Nokre år etter siste krig slutta lau-
vinga mykje, helst grunna at folk ikkji
lenger hadde korkji gardsdrenger eller
tenestgjenter, barneflokkane var ikkji lenger

16059

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING